

**SAK 33/25      RULLERING AV VETERANPLAN FOR HALLINGDAL****Saksopplysing:**

I 2020, i sak 48/20: Felles kommunal veteranplan gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

*«Regionrådet tek felles veteranplan til orientering og rår kommunane til å gjera vedtak og offentleggjera planen på sine heimesider.»*

No har me hatt ein felles veteranplan i 5 år og det er dermed tid for å oppdatere planen noko. Formålet med veteranplanen er å hjelpe kommunane med å ivareta sine veteranar, samt å gjera veteranarbeid, møteplassar, nettverk og andre verkemiddel lettare tilgjengeleg for veteranar og deira pårørande. Veteranarbeidet handlar om ivaretaking av veteranar og deira pårørande, informasjon mellom veteranar og ut til omverda, møteplassar, kameratstøtte og verdsetting.

**Vurdering:**

Det har dei seinare åra vorte sett stadig større fokus på veteranarbeidet. Veteranplanen for Hallingdal har styrka veteranarbeidet i dalen og har gjort det lettare for veteranane å halde kontakten seg imellom og med kommunane. Veteranane har sjølv organisert seg og skapt sine eigne møteplassar. Mykje av arbeidet er basert på frivillighet. Planen var ny i 2020 og vil no bli rullert og oppdatert. Det er Geir Atle Mylius som har stått for planarbeidet og for rullinga. Det er også han som står i bresjen for NVIO avd. Hallingdal, saman med sitt styre (NVIO = Norges Veteranforbund for Internasjonale Oppdrag). I planen ligg det ei forslag om å auke den økonomisk støtta frå kvar kommune frå kr 15000 til kr 20000. Dette skal dekke kostnader til ulike arrangement, månadlege veteran treff i Hallingdal, 8. mai arrangement, markering av FN-dagen og rulling/oppdatering av planen. Dette er eit lite, men viktig bidrag når det gjeld å ta vare på, og i nokre tilfelle forebygge psykisk helseplager hjå nokre av veteranane.

**Forslag til vedtak:**

Regionrådet tek felles veteranplan til orientering og rår kommunane til å gjera vedtak og offentleggjera planen på sine heimesider.

Hallingdal 6.juni 2025

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

**Vedlegg:**

Felles veteranplan for Hallingdal (blir ettersendt)